



## Referat frå møte i fylkesberedskapsrådet 10. – 11. april 2019

Scandic Sunnfjord Hotel, Førde

*Sjå òg publiserte presentasjonar frå møtet.*

Onsdag 10. april 2019

### 1. Opning v/fylkesmann Lars Sponheim

Fylkesmann Lars Sponheim innleia møtet

- Det er første møte i det nye fylkesberedskapsrådet (FBR) i Vestland.
- To fylkesberedskapsråd med litt ulike kulturar blir til eitt.
- Det er viktig å kjenne kvarandre i «fredstid». Ønsker mellom anna å diskutere kva terskel det skal vere for å bruke FBR.
- Det er store strukturendringar som følgje av reformar i offentleg sektor. Sjølv om forandringane blir store, må vi samstundes gjere jobben vår på beredskapsområdet som på andre område.
- Bergensregionen utgjer den store befolkningskonsentrasjonen i det nye fylket, og vil såleis alltid ha ei særstilling i beredskapssamanheng.
- Totalforsvarstankegangen har fått vind i segla igjen, og eit sentralt spørsmål er korleis heile samfunnet kan understøtte Forsvaret.
- Totalforsvaret har fått eit anna og meir reelt innhald over tid, og det har blitt tydeleggjort kor viktig NATO-medlemskapet vårt er.
- Vi skal utarbeide ny fylkesROS og målet er at den skal vere nyttig for alle. Møtet er eit viktig høve til å drøfte involvering frå aktørane i rådet.

Sponheim oppsummerte utvikling i hendingar dei siste åra, og aktuelle hendingar som er relevante tema for fylkesROS.

### 2. IKT-tryggleik v/Bente Hoff, Nasjonal sikkerhetsmyndighet (NSM)

Hoff orienterte om kva oppgåver NSM har, m.a. førebyggjande arbeid mot vilja truslar, personelltryggleik, fysisk sikring, forskning og rådgjeving til politisk nivå. NorCERT er den operative delen av NSM, og koordinerer hendingar i cyberdomenet i Noreg, hjelper verksemder og ser etter mønster med potensiale for spreining.

- Tryggleiks- og beredskapsarbeid har hatt mykje merksemd på ikkje-vilja hendingar, men dei vilja hendingane dominerer. I hovudsak statlege aktørar og kriminelle/profesjonelle organisasjonar står bak angrep, samansett aktørbilete som jobbar over år. Trusselaktørar er usynlege og anonyme, og leiter etter lettaste veg inn. Svært få vil vere i stand til å handtere angrep åleine. Vi må lage eigne system motstandsdyktige, og ikkje la inntrengarar kunne lage seg gøymestader.
- IKT-angrep skjer heile tida, og mykje kjem aldri i media. Eit viktig spørsmål er om det er mogleg å skru av system eller delar av system der vi veit inntrengar er. Finns det koplingar eller avhengigheiter til andre sektorar/system?
- Aukande produksjon av data og tenester, meir enn vi investerer i beskyttelse for. Vi mister oversikt over kompleksitet og avhengigheiter. NSM sine grunnprinsipp for IKT-tryggleik bør følgjast.

Helse Bergen v/Eivind Hansen var utfordra til å innleie vidare diskusjon i plenum, og orienterte om førebyggjande arbeid helseføretaka i Helse Vest har gjort i felles IKT-selskap sidan 2014.



### 3. Nasjonal helseberedskapsøving

#### Kamilla Nordvang, Helsedirektoratet

Nordvang orienterte om helse si deltaking i øvinga Trident Juncture 2018 (TRJE), m.a. knytt til vertslandsstøtte til NATO frå sommar til jul i 2018.

- Nasjonal helseberedskapsøving vart til på grunn av TRJE (nytta høvet medan NATO var i Noreg).
- Førebuingar til TRJE gav gevinstar som var nyttig i nasjonal helseberedskapsøving, m.a. gjennomgang av rutinar og konsept, som òg kan brukast igjen ved andre typar hendingar.

#### Olav Østebø, prosjektleiar Nasjonal helseberedskapsøving

Østebø orienterte om organisering av prosjektet og forankring hjå sivile og militære aktørar.

- I alt 6 500 personar deltok på fem feltøvingar med NATO og Forsvaret.
- Nasjonal helseberedskapsøving gav mykje god læring, og det har blitt gjennomført oppfølgingsøvingar i ettertid.

#### Moment frå plenumsdiskusjonen:

- Helseføretaka og kommunane bør øve meir saman.
- Det er ønskjeleg at Fylkesmannen inkluderer helseføretaka i kommuneøvingar.
- Erfaringsdeling etter øvinga vart òg diskutert, og det vart m.a. peika på at erfaringane frå øvinga vil inngå i arbeid med revisjon av helseberedskapslova.

### 4. «Speakers corner»

#### Status Vest brann og redningsregion etter første driftsår v/Leif Linde, Bergen brannvesen

Orienterte om overordna organisering og aktivitetar.

- I Hordaland er 82 % av kommunane med.
- Arrangerer fag- og brannsjefsamlingar.
- Arbeider m.a. med å fordele utstyr og kompetanse i fylket.

#### Etablering av «Samfunnssikkerhetens hus» v/Ivar Konrad Lunde, Bergen kommune

- Politisk behandling om oppretting av Samfunnssikkerhetens hus i desse dagar.
- Vertskommunemodell, merksemd på førebyggande arbeid.
- Mål: regionalt forskings- og samvirkesenter (m.a. kommuneCERT, vaktsentral bydrift og samfunnstryggleik og beredskap), kun kommunale ansvar.
- Ønskjer å bidra til opplæring, øving og analysearbeid i kommunane.

#### Status vest politidistrikt v/Kaare Songstad, Vest politidistrikt

- Ferdig med internt arbeid i organisasjonen med reform og struktur.
- Strukturer tilpassa kartet og merksemda no komen til innhaldet i reforma.
- Mange nye funksjonar, profesjonalisering og noko sentralisering.

#### PLIVO og radikalisering v/Arne Johannessen, Vest politidistrikt

- Beredskapsdag i Sogndal 14. mars der Sogn og Fjordane fylkeskommune/vidaregåande skular, naudetatane, forsterkingsressursar, Sogndal fotball m.fl. deltok.
- PLIVO-øving med 80 markørar og tre scenario.
- Blant lærepunkta at det er behov for samordning av planar.



- Oppfølgande dagsmøte med merksemd på m.a. førebyggjande arbeid og radikaliseriing.

### Røde Kors si merksemd på eigenberedskapskampanjen v/Lars Atle Skorpen, Hordaland Røde Kors

- Kven har ansvar for å styre forventningane til publikum når det gjeld beredskapsevne?
- Røde Kors ønskjer å bidra, og starte i verksemd og i beredskapsfamilien.
- Ønskjer å ta kontakt med ulike aktørar i FBR for å teste ut opplegget sitt.

### Psykososial oppfølging v/Gudmund Waaler, Bergen domprosti

Delte erfaringar og funn frå eiga forskning om m.a. samhald, handtering av traumatiske hendingar, debrief og meistring.

- Korleis debrief må tilpassast er avhengig av om dei involverte har opplevd meistring eller vore offer i ei hending.
- Det er viktig å kjenne kvarandre og utveksle kunnskap for å spele kvarandre gode.
- Minna om at kyrkja finns på alle nes rundt om i fylka og kva kompetanse prestar har.

## 5. FylkesROS for Vestland

### Haavard Stensvand, fylkesberedskapssjef

Stensvand orienterte om Fylkesmannen sitt oppdrag om å utarbeide fylkesROS, og oppstart av arbeidet. Ønskjer diskusjon i FBR om involvering og innhald, og at fylkesROS skal vere eit viktig kunnskapsgrunnlag for beredskapsfamilien. Eksisterande fylkesROS for dei to fylka dekker i stor grad dei same temaa, og han bad m.a. FBR om innspel til tema som bør vere med.

### Alfa Sefland Winge, seniorrådgjevar Fylkesmannen i Vestland og prosjektleiar fylkesROS

Winge orienterte om forslag til prosess og involvering for fylkesROS, og digital sårbarheit som vil vere eit sentral første tema for analyse. FBR vart oppmoda om å kome med innspel om forventningar, involvering og tema, både på plansjar i møtet og i ettertid.

Fylkesmann Sponheim peikte på at det ligg i oppdraga til alle aktørane å bidra til slikt arbeid, og utfordra rådet på kva som skal prioriterast.

Blant innspela var:

- Sjølvbergingsevne i tettbygde strok.
- Hendingar som rammar mange kommunar samtidig, der regionale aktørar er sentrale og kan bidra med kunnskapsgrunnlag til kommunane.
- Ønskje om standardisering m.a. av ROS-analysar.
- Trong for avklaring av ansvar for å følgje opp tiltak der fleire har ansvar.

Fylkesmannen vil sende ut eit notat om prosess vidare og forventningar til FBR.

### **Fylkesberedskapsrådet – korleis kan og bør det brukast**

Fylkesmann Sponheim innleia kort om FBR i dei to tidlegare fylka. Begge har hatt årlege møte, men det har vore ulike tersklar for kalle inn ved uønskte hendingar. Sponheim inviterte til diskusjon om kva nivå FBR i Vestland skal legge seg på, og utfordra tre av medlemmane til å innleie.



### Politimeister Kaare Songstad

- Vi får større geografi, fleire innbyggjarar.
- Mykje skal byggast på nytt, viktig å ta seg tid til å gjere det på best mogleg måte, og lage ein ny modell.
- Forskjellar i befolkning, ressursar og avstandar kan ha gjort at råda i dei to gamle fylka arbeidde på ulike måtar.
- FBR i Vestland bør finne sitt eige nivå, ein stad mellom praksis for dei to tidlegare råda.

### Konsernsjef Wenche Teigland, BKK og KDS Hordaland

- Forventningar til oppetid for straumnett er aukande og like høg i by og land.
- Samfunnet endrar seg til å bli endå meir avhengig av elektrisk straum. Arbeider mykje med å gjere nettet meir robust.
- FBR er ein svært god arena for å dele informasjon, sikre god samhandling, og hjelp til prioritering av t.d. plassering av aggregat.
- Rådet bør øve jamleg, ikkje berre møtast årleg.

### Regionsjef Brigte Samdal, NVE

- Har delteke i begge dei to tidlegare råda, og har fleire gonger opplevd FBR-møte i Sogn og Fjordane i forkant av hendingar som svært verdifullt for medlemene.
- Gjerne korte telefonkonferansar med utveksling av informasjon, status og førebuingar for å kalibrere arbeid med andre sentrale aktørar, og lettare kunne prioritere eigne ressursar.
- Utfordra Fylkesmannen til å ta med medlemene sitt perspektiv og utbyte av å snakke saman og dele informasjon.
- Ønskjer å ha eit føre-var prinsipp til grunn for kva nivå FBR skal legge seg på, og gjerne møte i forkant av møte i redningsleiing.
- Samdal meinte noko av styrken i FBR er evna til å vere både operative og konkrete, og samstundes strategisk.

### Moment frå diskusjonen

- Bergen kommune v/Rastad: Kommunen har store ressursar, men ved store hendingar vil dei og trenge hjelp frå naboar og ha ønskje om bistand frå FBR.
- Helse Førde v/Øen: Ein er avhengig av ressursbasen i Bergen, men det bur òg 200 000 menneske utanfor Bergen. Har opplevd det som ein utruleg støtte å ha ein plan i FBR før nett/ekom forsvinn.
- Helse Bergen v/Hansen: Har opplevd å bli koplå for seint på hendingar, t.d. dambrotet i Bergen. Har òg opplevd at fleire aktørar etablerer pårørandesenter, skapar forvirring. Aktuelle døme i høve diskusjonen?
- Helse Fonna v/Klausen: Kan Fylkesmannen tilpasse kven som blir kalla inn til FBR til ulike typar hendingar? I kva situasjonar skal rådet bli eit operativt organ?

### Sponheim:

- Det må vere opp til fylkesmannen å dimensjonere møte med relevante aktørar for ei hending, saman med aktuelle råka kommunar.
- Fylkesmannen har ikkje tatt den endelege diskusjonen endå, gode innspel frå FBR.
- Ser føre seg eit nivå ein stad mellom det som har vore i dei to fylka.



- Open for innspela til Samdal om å kunne snakkast i forkant av ei hending for å få status og felles situasjonsbilete.
- FylkesROS må klargjere konkret kva situasjonar som krev diskusjonar i FBR.
- FM v/Stensvand: Oppfattar at rådet ønskjer øving i FBR, og tek det med som ein del av ein prosess med å finne fram til rett nivå.
- NVE v/Samdal: Alle hendingar ulike og Fylkesmannen må heile tida gjere vurderingar. Stad og tid må òg tas omsyn til, t.d. helg eller ekstremhendingar i sommarferie.
- Bergen kommune v/Lunde: Viktig å få avklart og avstemt forventningar til når ein kan forvente at FBR er operativt osv., slik at andre skal kunne legge det inn i sine planar. Dag to av årleg samling bør brukast til øving.
- Redningsselskapet v/Ytreland: Ønskjer øving, god måte å bli betre kjent med kvarandre og kapasitetar. Hendinga i Hustadvika hadde t.d. vore eit godt grunnlag for øving og diskusjonen.

Torsdag 11. april 2019

### **Erfaringar frå Trident Juncture 2018**

#### Sverre Engeness, Forsvarets operative hovedkvarter (FOH)

Engeness delte erfaringar frå NATO-øvinga sett frå Forsvaret sitt perspektiv

- Utfordringar t.d. for demokratiet med pågåande informasjonskrig med forvrengt informasjon og justert meiningsinnhald over tid.
- Felles dilemma mellom Noreg og NATO. Forbindelsen over Atlanterhavet er sentral for begge.
- Noreg er ei øy med grenser til Russland si skattekiste i nordområda, med 20 % av BNP og sjøvegen som viktig transport
- Dei to åra før TRJE har blitt brukt til å «pusse opp» totalforsvaret.
- Viktige oppgåver for Forsvaret i øvinga var mottak, integrering og tilbakeføring av NATO-styrkar. Foreløpige erfaringar viser at soldatar vart godt motteke av innbyggjaraane.
- Heile 40 liaisonar frå sivile etatar var i hovudkvarteret under øvinga.

#### Cecilie Daae, direktør Direktoratet for samfunnstryggleik og beredskap (DSB)

Daae innleia med å teikne eit bilete av utfordringane for samfunnstryggleiks- og beredskapsarbeidet. Dei går på tvers av både grenser og sektorgrenser. Vi må ha ei heilskapleg tilnærming, byggje uthald og motstandskraft i alt vi gjer, og ressursane må finne kvarandre.

- DSB arbeider på mange ulike arenaer, frå å arrangerer samvirkekonferansar til å ha ansvar for Nødnett.
- Fylkesmannen er heilt sentral som regional samvirke- og samordningsmekanisme.
- Det er nyleg starta omstillingsarbeid i Sivilforsvaret. Rolla skal dreiast tilbake til det opphavelige oppdraget med sivilbeskyttelse, men Sivilforsvaret skal framleis ha forsterkingsrolla i fred.
- Sivile kritiske samfunnsfunksjonar er òg sentrale for Forsvaret. Kritisk infrastruktur er ikkje berre i privat, men globalt eige, med lange leverandørkjeder.
- TRJE18 gjorde det tydeleg at Forsvaret og det sivile samfunnet i mange tilfelle vil ha ulike vurderingar av om ein situasjon er kritisk eller ikkje.

Til slutt orienterte Daae om eigenberedskapskampanjen til DSB, og viste til statistikk om korleis det står til med eigenberedskapen i befolkninga.



### Mari Severinsen, seniorrådgjevar Fylkesmannen i Vestland

- Fylkesmannen i Hordaland og Fylkesmannen i Sogn og Fjordane øvde som eitt embete, noko som var ei god førebuing til samanslåinga.
- Deltok på CPX, med øving seks dagar.
- Øvingsteknisk var det nokre utfordringar, m.a. ved at få aktørar rundt øvde.
- Det påverka øvinga litt, men Fylkesmannen var heller ikkje målgruppa for øvinga.
- Kommunane deltok ikkje, med unntak av to som var med på fylkesberedskapsrådsmøte på Haakonvern.
- Utfordringar var knytt til utveksling av gradert informasjon. Regionalt vart særleg problemstillingar knytt til rasjonering av t.d. drivstoff løfta fram.

### Dei tre innleiarane opna for gode diskusjonar og spørsmål i plenum:

- Korleis står artikkel 5 seg?
- Har Forsvaret har sett noko ved det sivile samfunnet dei kunne ønskje å endre på?
- Utfordringa med mental omstilling til slike scenario.
- Verkemiddel til samvirke og samordning i det sivile samfunn.
- Behov for å avklare roller og ansvar for prioritering av samfunnskritiske funksjonar.
- Sivile beskyttelsestiltak er under utgreiing.
- Mange problemstillingar blir fort politiske.

### **Industririsiko v/Knut Oscar Gilje, Næringslivets sikkerhetsorganisasjon (NSO)**

- NSO er tilsynsmynde for industrivernet, som tidlegare var ein del av totalforsvaret.
- Industrivernet er ein ressurs for redningsapparat og samvirke. Det har om lag 1 100 innsatsar årleg.
- NSO jobbar tett med HMS-etatane og gjer tilsyn etter storulukkeforskrifta.
- NSO har fagleg kopling til DSB via forventningsbrev. Følgjer m.a. opp internkontrollforskrifta.
- FylkesROS-analysar har ofte for generiske omtalar av industrihendingar. Analysen bør vere meir spesifikk på kva type hending og handtering det kan vere snakk om.
- Ikkje berre storulukkeverksemdar, men òg mange mindre anlegg oppbevarer mykje stoff, som t.d. ammoniakk. Anlegg ligg ofte nær busetnad.

Diskusjon og spørsmål om m.a. informasjonstilgang for kva stoff verksemdar oppbevarer, og at gjenvinningsanlegg og næringsområde er særskilt utfordrande både med omsyn til planlegging, ROS-analysar og handtering.

### **Avslutning og oppsummering v/fylkesmann Lars Sponheim**

Fylkesmann Sponheim oppsummerte og delte nokre av sine refleksjonar, og takka deltakarane for eit interessant møte med viktige tema og gode diskusjonar.

Referent: Anne C. F. Eide